

Nasjonalforeningen
for folkehelsen



Fusa
demensforening

Nasjonalforeningen

Fusa demensforening



Foto: Kari Bente Stein Helland

Kva er demens?

Demens skuldast sjukdom i hjernen. Alzheimers sjukdom er den vanlegaste forma. Demens fører til varig svikt, med symptom som dårleg minne, redusert orienteringsevne, problem med daglege gjeremål og endringar i personlegdom. Demens opptrer som oftast i høg alder. I Norge er over 71 000 personar ramma og talet er aukande.

10 tidlege teikn på demens

- Tap av minne som påverkar arbeidsevna
- Problem med å utføre vanlege oppgåver
- Språkproblem
- Desorientering i forhold til tid og stad
- Svekkad dømmekraft
- Problem med abstrakt tenking
- Feilplassering av gjenstandar
- Forandringar i humør. Ein tendens til å gå raskare opp og ned i humør, utan noko openberr årsak
- Endring i åtferd
- Tap av initiativ og engasjement, både for aktivitetar og menneske.

Demens rammar heile familien

Demens rammar langt fleire enn den som blir sjuk. Over 35 000 personar med demens bur heime. Dei fleste får hjelp og omsorg av familie og venner.

Det er over 300 000 pårørande til demenssjuke i Norge i dag. Pårørande treng informasjon og støtte. Kunnskap og forståing for sjukdommen kan gjere kvardagen lettare for alle som er ramma av demens.



Fusa demensforening har som mål å:

- gje **informasjon** om demenssjukdomane.
- skape **større forståing** for personar med demens og deira pårørande.
- gje **pårørande** høve til å møte andre i same situasjon.
- vere ein **samarbeidspart med** den eksisterande demensomsorga i **kommunen**, slik at ein kan utvikle tilpassa tiltak for dei demens-ramma.
- Arrangere **treffpunkt** for personar med demens og deira pårørande


Vi når våre mål blant anna ved:

- å vere pådrivar for ei god demensomsorg lokalt
- temakveldar med førelesningar
- pårørandekurs
- samtalegrupper
- å formidle informasjon om demenssjukdom
- å gje tilbod om aktivitetar for personar med demenssjukdom

Nasjonalforeningen for folkehelsen er ein interesseorganisasjon for personar med demens og deira pårørande.

Nasjonalforeningen jobbar for at personar med demens:

- skal møtast med respekt
- skal få diagnose så tidleg som mogeleg
- skal få individuelt tilrettelagt dagtilbod
- skal få eit tilrettelagt butilbod når det er behov for det
- skal få kunnskap og informasjon om demens saman med sine pårørande



Nasjonalforeningen Fusa demensforening
Kontakt oss for spørsmål og innmelding!
e-post: fusa.demensforening@hotmail.com

For meir informasjon om demens, ring:

Demenslinja 23 12 00 40

Nasjonalforeningen for folkehelsen er en frivillig, humanitær organisasjon med helselag og demensforeninger over hele landet. Vårt mål er å bekjempe hjerte- og karsykdommer og demens. Det gjør vi med forskning, informasjon, forebyggende tiltak og helsepolitisk arbeid. Nasjonalforeningen for folkehelsen er interesseorganisasjon for personer med demens og deres pårørende. Vår innsats finansieres med innsamlede midler og gaver.

Di helse – vår hjertesak!



www.nasjonalforeningen.no

Nasjonalforeningen for folkehelsen
Fylkeskontoret for Hordaland og Sogn og Fjordane
Bredalsmarken 15, 5006 Bergen
tlf.: 55 31 15 41, *e-post:* hosfj@nasjonalforeningen.no